



Hardangerrådet iks



Hardanger

Høyringsuttale Brannstudien – Desember 2013

Rapport fra arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk (Brannstudien) vart lagt fram i desember 2013, med høyringsfrist sett til 17. februar 2014. Hardangerrådet har fått utsett høyringsfristen til 24. februar 2014.

Denne uttalen er gitt på vegne av Hardangerrådet iks sine 7 eigarkommuner: Jondal, Ullensvang, Kvam, Eidfjord, Granvin, Ulvik og Odda.

Uttalelse:

Me gjev her ein uttale på vegne av 7 kommunar med ulik oppbygging av brannvesenet som følgje av blant anna innbyggjartal, risiko og topografi. Hardangerrådet vel derfor å leggja til side val av modell, og heller fokusera på korleis me ynskjer at det framtidige brannvesen i Noreg skal fungera. I den følgjande drøftinga har me derfor vurdert synspunkta våre opp mot dei tre modellane i Brannstudien.

Me meiner det er behov for å avklara kva oppgåver innan brann og redning brannvesenet skal ha før ein tek stilling til organisering. Det blir snevert å bestemma distrikt ut frå innbyggjartal. Her er det svært viktig at det også vert teke omsyn til geografi, samferdsel, risiko, osv. som er i det aktuelle området. Ein må streva etter å ivareta behovet for lokal tilpassing, og samtidig dra nytte av større fagmiljø utan at ein får auka avstand mellom strategisk og operativt personell.

Ei utvikling mot større einingar vil kunna gje meir robuste brann- og redningstenester, men ulik kultur, økonomi og kompetansenivå i dei forskjellige brannvesen kan vera ei utfordring i ei større organisering av brannvesenet. Med større einingar vil ein sannsynlegvis få ei tydelig overordna strategisk leiing i ein organisasjon der alle arbeider etter same struktur. Me ynskjer at det framtidige brannvesenet, uavhengig av type modell, skal ha forbetra håndteringsevne til å takla dei utfordringane ein kan forventa å stå overfor. Større einingar vil forhåpentlegvis gi auka kompetansedeling som igjen vil medføra ei fagleg styrking av brann- og redningsmiljøet.

Det er svært viktig at den lokale tilhørigheit og kommunale beredskap ikkje vert svekka, men at ein kan knyta til seg den spesialkompetansen som vil verta plassert ulike stader i fylket/området. Organiseringa av alle naudetatane må sjåast i samheng. Brannstudien legg for lita vekt på dei grunnleggjande prinsippa i viktig samfunnsstryggleik og beredskapsarbeid: ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Det er også i for lita grad tatt omsyn til korleis det gode samarbeidet med frivillige kan oppretthaldast og vidareutviklast. Hendingar den siste tida har synt at i grisgrendte samfunn er samarbeidet med lokale og frivillige avgjerande.

Den totale beredskapen må ikkje verta svekka uavhengig av type modell.

Me viser til utdrag fra rapporten frå 22.juli-kommisjonen: «Både samfunnssikkerhet og beredskap krevjer at landets samlede ressurser utnyttes på en effektiv måte». Målet må vera at me får ei styrka brann- og redningsteneste, med utvikling av operativt samhandling og større fokus på gjensidig bistandsplikt.

Kinsarvik 24.02.2014

Leiv Vambheim
Dagleg leiar